

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 12.04.2021

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 14 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021</b>
--

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)

**Tidspunkt:** Måndag 12. april 2021, kl. 20.00-21.30

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 138 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste

**SAK 139 19-21** Godkjenning av protokoll nr. 13 19-21 frå Skikrinsstyret

**RAPPORTERING**

**SAK 140 19-21** Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 141 19-21** Skikrinstinget 2021

**SAK 142 19-21** Skitinget 2021

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 143 19-21** Prosess tilsetjing ny adm.sjef

**SAK 144 19-21** Skiutviklarar i NSF

**SAK 145 19-21** Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar

**SAK 146 19-21** Freeski-aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins

**SAK 147 19-21** Utstyrsapakke skileik

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Hallvard Nygård, Jan Inge Årdal

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 138 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

#### SAK 139 19-21

#### Godkjenning av protokoll nr. 13 19-21 frå Skikrinsstyret Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 13 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 13 19-21.

### RAPPORTERING

#### SAK 140 19-21

#### Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

##### Bakgrunn

Rekneskap pr. 25.03.2021 er vedlagt.  
Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 25.03.2021:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 799 967,-	Kr 294 817,-	Kr 505 149,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 509 629,-	Kr 123 817,-	Kr 385 811,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 61 590,-	Kr 55 885,-	Kr 5 705,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 25 000,-	Kr 4 518,-	Kr 20 482,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 203 748,-	Kr 110 597,-	Kr 93 151,-	Kr 0,00

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

#### SAK 141 19-21

#### Skikrinstinget 2021

##### Bakgrunn

Skikrinsstyret har vedtatt at Skikrinstinget 2021 skal haldast laurdag 29. mai i Førde v/Scandic Sunnfjord Hotell, og at Vår møtet skal gjennomførast i samband av tinget.

Rammeplan for Skikrinstinget/Vår møtet 29. mai 2021:

Kl. 09.30 - 12.00: Vår møter i alpint, hopp/kombinert og langrenn  
Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj  
Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2021

Styret drøfta i møtet om Skikrinstinget 2021 skal haldast digitalt i høve koronarestriksjonar og smittesituasjonen generelt, og evt. tidspunkt for eit digitalt kringsting.

Styreleiar og adm. orienterte om status i planlegging av Skikrinstinget 2021, m.a. status/framdrift på følgjande punkt:

- Årsmelding 2019-2021
- Handlingsplan 2021-2023
- Anleggsplan 2021-2025
- Dirigent
- Heidersteikn og andre prisar

Framlegg til sakspapir til Skikrinstinget bør vere klar til neste styremøte 3. mai 2021.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Dersom Skikrinstinget 2021 må haldast digitalt skal det avviklast måndag 31. mai 2021. Vår møte til komiteane vert då gjennomført på andre datoar.
- Komiteane melder inn dato for digitalt vår møte innan 22. april til adm.
- Avgjerd om Skikrinstinget 2021 skal haldast fysisk eller digitalt vert teke seinast i neste styremøte 3. mai.
- Heidersteikn og andre utmerkingar vert delt ut i samband med Haustmøtet 2021 dersom Skikrinstinget 2021 vert halde digitalt.

### **SAK 142 19-21**

#### **Skitinget 2021**

##### **Bakgrunn**

Styret i Norges Skiforbund har vedtatt at Skitinget 2021 skal avhaldast digitalt laurdag 12. juni 2021 grunna koronarestriksjonane.

Greinkomiteane sine fagmøte vert også gjennomført digitalt. Dato for desse vert informert om frå kvar greinkomite.

I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemner delegatane i styremøtet.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon i samband med Skitinget 2021:

- Styreleiar; Finn Årdal (Jølster IL)
- Styremedlem; Tonje N. Tangerud (Sogndal IL)
- Styremedlem; Margot Åsebø (Haugen IL)
- Styremedlem; Hallvard Nygård (Førde IL)

Administrasjonen følgjer opp saka.

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 143 19-21**

#### **Prosess tilsetjing ny adm.sjef**

##### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund har i lag med krinsleiar og adm.sjef gjennomført intervju med aktuelle kandidatar som har søkt stillinga som adm.sjef i Sogn og Fjordane Skikrins.

Styreleiar orienterte om status i saka.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 144 19-21**

**Skiutviklarar i NSF**

**Bakgrunn**

Utvalet som er oppnemnt av Skistyret til å sjå på innstillinga frå Organisasjonsutvalet til NSF om å styrke krinsleddet, jobbar med skisse til korleis ein kan engasjere/tilsette/leige inn skiutviklarar i kretsane.

Skikrinsstyret drøfta saka i førre møte under Sak 132 19-21.

Styreleiar orienterte om status i saka.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 145 19-21**

**Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret vart orientert om status for idrettsordningane i vgs. for potensielle toppidrettsutøvarar i førre styremøte under Sak 133 19-21.

I etterkant av styremøtet har LK-leiar og adm., i lag med Sogn og Fjordane Friidrettskrins, hatt møte med leiar og nestleiar i Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune. I møtet vart ein oppmoda om å sende innspela vidare til administrasjonen i fylkeskommunen.

Brevet til fylkeskommunen er lagt ved som eige vedlegg.

LK-leiar og adm. orienterte i saka.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 146 19-21**

**Freeski-aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins**

**Bakgrunn**

Hafslo IL har lagt til rette for freeski-aktivitet i Sogn Skisenter ein gong i veka i vinter. Freeski-aktiviteten er førebels organisert inn under alpingruppa i Hafslo IL.

I tillegg har det vore stor oppslutnad om Big Jump arrangement/aktivitet i Sogndal Skisenter i vinter. Sogndal IL ser på moglegheita til å organisere freeski-aktiviteten som undergruppe til idrettslaget.

Adm. har hatt dialog med Norges Skiforbund Freeski, og dei har gjennomført Trenar o kurs på Hafslo i vinter og vil i tillegg følgje opp freeski-miljøet i Sogndal Skisenter.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**SAK 147 19-21**

**Utstyrspakke skileik**

**Bakgrunn**

Skikrinsen fekk innvilga kr. 100 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjektet *Utstyrspakke skileik* i 2020.

Gjennom prosjektet *Utstyrspakke skileik* kan skigrupper søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg vil dei få tilbod om klubbeseøk frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Med bakgrunn i søknader frå idrettslag i 2019, der det kom inn 19 søknader og 10 idrettslag fekk tildelt utstyrspakke, gjorde Skikrinsstyret vedtak i Sak 112 19-21 om å tildele dei 9 idrettslaga som ikkje fekk tildelt utstyrspakke i 2019 utstyrspakke i 2020. I tillegg fekk 3 andre idrettslag utstyrspakke basert på potensiale for rekrutteringsarbeid.

Totalt 12 idrettslag fekk tildelt utstyrspakke i 2020:

- Førde IL Haukedalen
- Førde IL Langrenn
- Haugen IL
- Hornindal IL
- IL Bjørn
- IL Fanaråk
- IL Jotun
- Jølster IL Alpin
- Jølster IL Barneidrettsskule
- Markane IL
- Stryn T og IL Alpin
- Tambarskjelvar IL

Rapport til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef

**Vedlegg SAK 139 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 13 19-21 frå Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 04.03.2021

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

**PROTOKOLL TIL MØTE NR. 13 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021**

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)

**Tidspunkt:** Torsdag 4. mars 2021, kl. 20.00-22.10

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 130 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**SAK 131 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 12 19-21 frå Skikrinsstyret**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 132 19-21 Skiutviklarar i NSF**

**SAK 133 19-21 Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar**

**SAK 134 19-21 Skitinget 2021**

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 135 19-21 Prosess tilsetjing ny adm.sjef**

**SAK 136 19-21 Skiaktivitet og smittevern**

**EVENTUELT**

**SAK 137 19-21 Idrettens Møteplass 2021**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 130 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### **SAK 131 19-21**

#### **Godkjenning av protokoll nr. 12 19-21 frå Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 12 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 12 19-21.

### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

### **SAK 132 19-21**

#### **Skiutviklarar i NSF**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i innstillinga frå Organisasjonsutvalet til NSF om å styrke krinsleddet (*"Kretsene skal styrkes som bindeleddet mellom klubb og forbund for å sikre økt rekruttering."*), oppnemnte Skistyret eit utval for å sjå nærmare på denne innstillinga.

Utvalet la fram rapport i oktober 2020 med skisserte endringar i krinsleddet. Rapporten vart drøfta i møte i Skikrinsstyret 12. oktober, sak 94 19-21.

Med referanse til rapporten «Styrking av kretsleddet» vart utvalet bedt av Skistyret om å arbeide vidare med følgjande punkt:

*Engasjere/ansette/leie inn skiutviklere i kretsene (modell fra Oppland Skikrets). Må avklare: Type engasjement/stillinger, antall stillinger, finansiering m.m. Diskuterer mellom kretser hvor samarbeid kan være naturlig.*

Utvalet har komme med eit framlegg til antal stillingar, som ein start, som igjen må evaluerast før ein «går breiare ut». Vidare er det utarbeida eit framlegg til stillingsbeskriving. Hovudutfordringa har vore ein finansieringsmodell. Ein alternativ modell er presentert for krinsleiarane. Presentasjonen er lagt ved som eige vedlegg.

Styreleiar la fram saka i møtet med påfølgjande diskusjonar i styret.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret er positiv til å engasjere skiutviklarar for å styrke rekrutteringsarbeidet i skikretsane.

Vidare meiner Skikrinsstyret at Norges Skiforbund må ta ein større del av finansieringa slik at alle skikretsane har moglegheit til å bli med på ordninga.

### **SAK 133 19-21**

#### **Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar**

##### **Bakgrunn**

Vestland fylkeskommune har ikkje gjort vedtak om å vidareføre idrettsordninga for potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule.

Idrettsordning i vgs. har vore avgjerande for at potensielle toppidrettsutøvarar i alderen 15-19 år kan bli buande i eige fylke for å satse på sin idrett.

Fylkeskommunen har også vedteke ei ny ordning, Nærskuleprinsippet, der idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar kunne hatt ein funksjon for å sikre at utøvarar som kjem inn under ordninga kan søkje seg til vgs. som har toppidrett for sin idrett.

Nærskuleprinsippet gjeld for inntak til vg1 frå skuleåret 2021/2022, der elevar høyrer til eit nærskuleområde utifrå kva kommune ein er folkeregistrert i. Elevar kan søkje seg til alle skulane i fylket, men får berre nærskulepoeng til skulane i nærskuleområdet ditt. Dvs. at utøvarar som søker seg til vgs. med toppidrett for sin særiddrett kan risikere å ikkje komme inn.

Meir informasjon om Nærskuleprinsippet;

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/narskulematrise-2020.pdf>

Vestland fylkeskommune gjorde følgjande vedtak 15.12.2020:

Spissa toppidrettstilbod i Vestland fylkeskommune

- 1. Ein klasse i utdanningsprogrammet studiespesialisering ved Tertnes vgs blir merka med «spissa toppidrettstilbod» og søking og inntak skjer i samsvar med sentral inntaksforskrift til vidaregåande opplæring. Det «spissa toppidrettstilbodet» er ut over fastsett timetal i utdanningsprogramma.*
- 2. Olympiatoppen Vest får eit tilskot frå Vestland fylkeskommune som skal nyttast til å følgje opp talentfulle idrettsutøvarar i heile fylket.*
- 3. Utøvarar som er omfatta av punkt 2, får tilgang til «spissa idrettstilbod» i regi av Olympiatoppen Vest ved utøveren sin skule og eventuelt på samlingar i regi av Olympiatoppen Vest.*

I 2020 har Vestland fylkeskommune og Olympiatoppen Vest hatt dialog om det framtidige toppidrettstilbodet på vgs.

Tilboda som pr. i dag har eit spissa toppidrettstilbod er:

<https://toppidrettslinjen.no/studietilbud/>

- Studspes. på **Tertnes vgs** med tilbod om fleire ulike idrettar
- Studspes. på **Hafstad vgs** med 15 plassar for volleyball
- Studspes. på **Amalie Skram vgs** med idrettane symjing og stup
- Idrettsfag på **Voss Gymnas** for vinteridrettane langrenn, alpint, freeski og skiskyting
- Idrettsfag på **Sogndal vgs** med 15 plassar for fotball
- Yrkesfag med Byggfag på **Åsane vgs** med tilbod om fleire ulike idrettar

Adm. i skikrinsen vart informert av OLT Vest 19.02.2021 og 22.02.2021. Sjå e-postar som er lagt ved som eige vedlegg (vedlegg 1 og 2).

**Tidslinje for informasjon/involvering frå Idrettskrinsen og OLT Vest til Sogn og Fjordane Skikrins**



**19.06.2019:**

Sogn og Fjordane idrettskrins ba i juni 2019 om innspel frå særkrinsar i vidare arbeid med idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar på vidaregåande skule i nye Vestland fylke.

*Bakgrunn frå Idrettskrinsen:*

*Tidlegare i vinter fekk vi orientering frå Opplæringsavdelinga om at det ikkje ville bli lagt opp til medverknad frå idretten på korleis idrettsordningane i vgs skulle bli i Vestland fylke. I dag har vi «spissa idrettsordning» for fotball og volleyball (skiskyting er no landslinje), og ordninga for «potensielle toppidrettsutøvarar» for dei andre idrettane. I Hordaland er det toppidrettslinjer ved skular i Bergen og på Voss, koordinert av Olympiatoppen.*

*Vi ynskjer å vere «på», og både bli orientert om kva som er status frå fylket si side, og å få kome med våre innspel til ordninga vidare. Merk at for skuleåret 2019-2020 vert det ingen endringar, men vi har i dag ikkje noko informasjon om kva som er planlagt vidare.*

*Sogn og Fjordane og Hordaland IK, samt Olympiatoppen Vest har difor bedt om eit møte med Rune Haugsdal, prosjektleiar for samanslåinga av dei to fylka. Vårt mål med møtet er å få ein status frå fylkeskommunen si side på kvar dei er i prosessen, og å formidle status og innspel frå idretten.*

Følgjande innspel om idrettsordningar i vidaregåande skular er spelt inn frå Sogn og Fjordane Skikrins:

Evaluering av dagens ordningar:

- Det manglar føringar til vgs. på korleis ordninga skal praktiserast, særleg på gyldig fråvær.
- Ordninga har vore viktig for utøvarar der denne har fungert etter intensjonen.

Innspel på idrettsordningar i vgs. i framtida:

- Det er viktig å ivareta idretten sine interesser og at det må bli lagt opp til medverknad frå idretten på korleis idrettsordningane i vgs. skal bli i Vestland fylke.
- Idrettsordning i vgs. er heilt avgjerande for at potensielle toppidrettsutøvarar i alderen 15-19 år kan bli buande i eige fylke for å satse på sin idrett.  
Ei slik ordning kan også vere avgjerande for om utøvaren held fram i idretten sin, då det er fleire problemstillingar som blir aktuelle dersom ein må flytte ut av fylket for å kunne satse på idretten sin parallelt med å ta vidaregåande opplæring. T.d. økonomi og kor moden utøvaren er for å flytte vekk frå eit trygt utviklingsmiljø.
- Tydelege føringar frå fylkeskommunen på korleis ordningar skal praktiserast, der informasjon og praktisering ved Sogndal vgs. bør vere eit utgangspunkt.

**12.12.2019:**

Sogn og Fjordane Skikrins sendte brev til Sogn og Fjordane idrettskrins v/leiar Nils R. Sandal der ein etterspurde informasjon om status for idrettsordningane.

I tillegg ba ein Idrettskrinsen om å følgje opp saka politisk inn mot den nye fylkeskommunen, Vestland fylkeskommune.

Brevet til Idrettskrinsen er lagt ved som eige vedlegg (vedlegg 3).

**19.12.2019:**

Informasjon frå Sogn og Fjordane idrettskrins vart sendt alle særkrinsar der det m.a. vart informert om følgjande:

- Vi har ikkje fått signal om endringar i høve idrettsordningane «spissa» (fotball/volleyball) og «potensiell toppidrettsutøvar» for skuleåret 2020-2021.
- Viktig informasjon er at Olympiatoppen Vest (OLTV) vil ta over den jobben Idrettskrinsen har gjort med idrettsordningane frå nyttår. Det gjeld då mottak og vurdering av søknadar, dialog med fylkeskommunen, dialog med særkrins/region/klubb osv. Vi vil samarbeide tett om dette, særskilt første tida. Særkrinsar/regionar vil bli involvert som før.
- Styreleiar Nils R. Sandal vil i første omgang ta snarleg initiativ til eit møte med leiar i utval for opplæring i fylkeskommunen (Karianne Torvanger), og følgje opp politisk vidare i samarbeid med styret i Vestland IK, OLTV og administrasjon i idrettskrets.
- Basert på innspel vi har fått, sender vi også i desse dagar eit brev til opplæringsdirektør i fylkeskommunen i S&F, der vi bed om at det vert lagt til rette for felles retningsline for registrering av fråvær på dei ulike vidaregåande skulane.

E-post frå Sogn og Fjordane idrettskrins er lagt ved som eige vedlegg (vedlegg 4).

**06.04.2020:**

Informasjon sendt frå OLT Vest til Sogn og Fjordane Skikrins for vurdering av søknader for ski til ordninga potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule for skuleåret 2020-2021.

**19.02.2021:**

Adm. i Sogn og Fjordane Skikrins etterspør OLT Vest om informasjon for søknad på idrettsordning for potensiell toppidrettsutøvar 2021-2022.

E-post med svar frå OLT Vest og Idrettskrinsen er lagt ved som eige vedlegg (vedlegg 5).

Adm. og styreleiar innleia i saka.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vedtak om at styreleiar, LK-leiar og adm. følgjer saka opp vidare.

### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund avviklar Skitinget 2021 i Ålesund 12.-13. juni 2021.

Greinkomitane sine fagmøte og andre møte vert gjennomført som vanleg i tilknytning til Skitinget og er planlagt torsdag 10. – fredag 11. juni.

Skistyret har i møte 02.02.21 vedtatt at Skitinget vil bli gjennomført digitalt dersom koronarestriksjonane gjer at gjennomføring med fysisk frammøte ikkje er mogleg.

I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemnte delegatane i styremøtet.

Frist for innlevering av framlegg som ein ynskjer skal bli handsama på Skitinget er 12. mars 2021.

Skikrinsstyret diskuterte i møtet om det skal fremjast saker frå Sogn og Fjordane Skikrins på Skitinget.

Valkomiteen i NSF har begynt sitt arbeid og 26.02.2021 vart det sendt ut brev til skikrinsane. Brevet er lagt ved som eige vedlegg.

Valkomiteen ynskjer seg eit best mogleg utval av kandidatar til dei ulike verva. Valkomiteen har så langt utarbeida ei komplett oversikt over kva tillitsvalte som har sagt seg villig til å ta attval, men uavhengig av dei tilbagemeldingane oppmodar ein krinsane å fremje forslag til alle dei tillitsverv som skal veljast. Forslagsfrist er 22. mars 2021.

Det skal fremjast forslag på kandidatar til følgjande verv/komitear:

- Skistyret; president, visepresident, 5 styremedlemar og varamedlem
- Leiar og nestleiar, samt 2-4 medlemar i kvar greinkomite
- Kontrollkomiteen; leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemar
- Lov- og påtaleutvalet; leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemar
- Etisk komite; leiar, nestleiar og 3 medlemar

Skikrinsstyret diskuterte i møtet kandidatar som er aktuelle å fremje til sentrale verv i NSF.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å oppnemne delegatar til Skitinget i neste styremøte 12. april 2021.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at leiar følgjer opp saka med framlegg til Skitinget med dei andre involverte skikretsane, og endeleg framlegg til Skitinget vert sendt ut til Skikrinsstyret før innsending.

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar får fullmakt til å førespørje aktuelle kandidatar til sentrale verv i NSF.

### **ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 135 19-21**

**Prosess tilsetjing ny adm.sjef  
Bakgrunn**

Stillinga som adm.sjef i Sogn og Fjordane Skikrins vart lyst ut av Norges Skiforbund 12. februar med søknadsfrist 12. mars 2021;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2021/2/administrasjonssjef/>

Øistein Lunde, leiar Organisasjon i Norges Skiforbund, og krinsleiar vil prøve å gjennomføre intervju med aktuelle kandidatar i veke 10 og 11.

Styreleiar orienterte i saka.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **SAK 136 19-21**

#### **Skiaktivitet og smittevern**

##### **Bakgrunn**

Skiidretten er ein del av dugnaden for å stoppe koronasmitten og støttar opp under helsemyndigheitene sitt arbeid for å hindre spreiding, og Norges Skiforbund forhold seg til myndigheitene sine retningslinjer for idretten.

Norges Skiforbund har oppmoda klubbane til å gjennomføre gode lokale arrangement og aktivitetar denne vinter.

[Norges Skiforbund sin koronarettleiar](#) er oppdatert med siste reglar og retningslinjer for gjennomføring av aktivitet for klubbar og medlemar.

F.o.m. 23. februar 2021 har myndigheitene opna opp for å arrangere skirenn for alle klassar t.o.m. 20 år innanfor same skikrins.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **EVENTUELT**

#### **SAK 137 19-21**

#### **Idrettens Møteplass 2021**

##### **Bakgrunn**

Idrettskrinsen legg også i 2021 til rette for Idrettens Møteplass der skikrinsen har avvikla sitt Haustmøte.

Framlegg på dato frå Idrettskrinsen er laurdag 30. oktober 2021. Alternativ dato er 23. oktober 2021. Idrettens Møteplass 2021 vert lagt til Sogn.

Skikrinsstyret drøfta i møtet om ein skal legge Haustmøtet 2021 til Idrettens Møteplass og kva dato som vil vere aktuell.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å legge Haustmøtet 2021 til Idrettens Møteplass 30. oktober 2021.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef